

Rogaland Fylkeskommune

Postboks 130
4001 Stavanger

2005/145 - 3397/2006

05/1376-3 27184/06

Gjertrud Jacobsen , 51 96 38 13

18.10.2006

Vedrørende nevrokirurgisk tilbud ved Universitetssjukehuset i Stavanger (SUS)

Det vises til brev av 09.10.06 vedrørende det framtidige nevrokirurgiske tilbudet i Rogaland og samarbeidsavtalen mellom Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF.

Hovudutfordringa for den nevrokirurgiske verksemda i Bergen og Stavanger er ein vanskeleg rekrutteringssituasjon der ein mellom anna konkurrerer med Rikshospitalet/Radiumhospitalet om kvalifiserte spesialistar. Helse Bergen HF har rekrutteringsansvar for avdelinga i Stavanger. Helse Bergen HF har dessverre ikkje lykkast med dette det siste året, men det er no etablert ei ordning som skal sikre akuttberedskapen i Helse Stavanger HF.

Helse Vest RHF har vært i dialog med dei to helseføretaka og bedt Helse Bergen HF intensivere prosessen med å rekruttere nevrokirurgar slik at ein får på plass ei permanent ordning.

På styremøtet 11.10.06 fatta styret i Helse Vest RHF følgjande vedtak (mot 3 stemmer)¹:

1. Styret ber administrerende direktør om å fremje sak knytt til nevrokirurgi i Helse Vest.
2. Inntil ny sak ligg føre, ligg inngått avtale om nevrokirurgi i Helse Vest til grunn.

Med helsing

Herlof Nilssen
administrerende direktør

¹ Med atterhald om at protokoll vert godkjend